

# Velkomen til COSP foreldrerettleiingskurs

## Tryggleikssirkelen



**Circle of Security Parenting (COSP), eller Tryggleikssirkelen på norsk, er eit manualbasert rettleiingsprogram for omsorgspersonar som ynskjer ein trygg relasjon til sine born**

**Målgruppa** er foreldre og andre omsorgspersonar for born i barnehage og skule. Kurset er for alle. Du treng ikke oppleva at foreldrerolla er spesielt vanskeleg eller at bornet ditt har særskilde behov for å delta. Kurset foregår i grupper over 8 samlingar med ei varigheit på 1,5 - 2 timer kvar gong.

**Med utgangspunkt i filmmateriale** og refleksjonar rundt Tryggleikssirkelen lærer du korleis du kan støtte bornet i to grunnleggjande behov; behovet for beskyttelse og omsorg og behovet for å utforske og meistre verda.

**Gjennom kurset** får du verktøy og trening i korleis tolke bornet sine signal, og korleis du kan møte bornets emosjonelle behov. Du vert inviterert til å reflektere over eigen barndom, og korleis tidlegare omsorgserfaringar påverker deg i foreldrerolla. Gjennom auka refleksjon kan du gjere medvitne val over kva verdiar og strategiar du vil ta med deg i omsorga for ditt born.

**Føremålet med kurset** er å gje foreldre eit godt utgangspunkt for å meistre foreldrerolla, og stimulere til sunn utvikling og god psykisk helse hjå bornet. Kunnskap og refleksjonar som foreldra tileigner seg gjennom kurset er tenkt å vera relevante gjennom heile foredreperioden. God støtte frå foreldre vil kunne styrke bornet frå starten av utviklinga, og vil kunne vera ein beskyttande faktor for bornet gjennom heile livet.

**Vil du veta meir** om kurs i Tryggleikssirkelen anbefalar vi deg å se filmane på nettsida [folkOm](#) og [Circle of Security International -- Connection - YouTube](#)

**Kursstart: Torsdag 18.04.2024 kl 14.00 – 16-00**

Dag og tidspunkt er ikkje endeleg, ta kontakt dersom du ynskjer å være med på kurset og skriv inn kva tid som passar for deg.

Påmelding på mail til:

[Laila.gronn-jensen@samnanger.kommune.no](mailto:Laila.gronn-jensen@samnanger.kommune.no) eller på telefon: 95885771